N DEBATT

Innlegg til debattsiden kan sendes per post til Nationen, Boks 9390 Grønland, 0135 Oslo eller på e-post til **debatt@nationen.no**
Debattansvarlig Birgit Schmidiger, telefon 21 31 00 55

Kronikk: 5000 tegn med mellomrom.
Leserbrev: 2500 tegn med mellomrom.
Redaksjonen forbeholder seg retten til å forkorte innlegg og å publisere innsendt stoff elektronisk.

Diskuter på www.nationen.no

«The passion» til tårer og tilbedelse

Nå er den kommet til norske kinosaler. Mel Gibsons film «The Passion of Christ» handler om de siste 12 timene av Jesu liv. Nyheter om filmen og debatten rundt den går verden over. Det er skrevet spaltekilometer i aviser og magasiner. Radio og tv har i over en måned latt seg inspirere til reportasjer, omtale og debatt. Bøker om filmen og om Jesu lidelse blir lansert i mange land, i store opplag. Millioner av mennesker må denne våren på nytt ta stilling til denne mannen fra Nasaret.

Denne filmen er grusom i sitt språk. Dette var også hensikten fra filmskaperen selv. Veien til Golgata og døden på korset var full av blod, vold og lidelse. Vi er blant dem som har reagert sterkt på filmspråket, og folk skal tenke seg om før de går og ser den. Reaksjonene har vært sterke verden over på den grad av vold som her blir vist. Derfor er 15-års aldersgrense for lav.

Folk er forskjellig. Mens vi advarer, er andre beveget og åndelig berørt etter å ha sett filmen. Dette er ikke noe uvanlig fenomen i møte med film og tv-serier.

Vi er begeistret over den bevegelse filmen setter i gang. Derfor har vi engasjert oss i debatter og i medier. Det er et faktum at historien ble nullstilt da Jesus døde og sto opp igjen. Det budskap han gav oss utfordrer og inspirerer akkurat nå mennesker i alle verdensdeler. Det gir håp i en vond verden der håp er en mangelvare.

Geir Magnus Nyborg, generalsekretær, i Familie & Medier - Kristent Medieforum

Naturvernforbundet og ulven

Leder i Norges Naturvernforbund, Erik Solheim, beskylder i avisinnlegg undertegnede for å drive en særegen form for juss: «Prokuratorjus frå Lykke», når jeg mener vi kan avstå fra å reservere områder for ynglende ulv i Norge. Mer presist sa jeg i et foredrag for årsmøte i Hedmark Høyre 13.februar: «Norge vil uansett få stadig flere individer fra den voksende bestanden i Sverige... I Sverige vil ulven klare seg godt uten en ynglingssone på norsk side av grensen. Erkjenner Stortinget dette, er det ikke umulig at de andre partene i Bernkonvensjonen tar til etterretning hvordan vi innretter oss».

Jeg foreslår vi holder prokuratorstanden utenfor og heller prøver å klarlegge hva uenigheten består i – og hva vi er enige om. Ingen kan benekte at vår bruk av utmark og vårt bosettingsmønster er annerledes enn Sveriges, og at dette må innvirke på vår evne til å innpasse og ta vare på en ny, ynglende ulvebestand etter mange års fravær – ulvens revirhevdelse, mobilitet og reproduksjonskapasitet tatt i betraktning. Meg bekjent har ingen forsøkt å dokumentere hvordan det lar seg gjøre å holde ulven innenfor alle de «vegger» ulven møter i dagens Norge, på en forvaltningsmessig klar og korrekt, foruten human måte.

Ingen har greid å påvise hvor stor del av ulvebestanden i Sør-Skandinavia Bernkonvensjonen krever skal ha tilhold i Norge. Naturvernforbundet hadde feiltolket Bernkonvensjonen da det sammen med WWF og Foreningen Våre Rovdyr anla sak mot staten for å hindre ulvefelling. De tre tapte saken og avstod fra å anke rettens avgjørelse i 2001: Retten legger til grunn «at Norge i henhold til Bernkonvensjonen ikke er forpliktet til å opprettholde en egen levedyktig ulvebestand i Norge».

Erik Solheim fremhever Bernkonvensjonens artikkel 11 som forplikter partene til å fremme gjeninnføring av opprinnelige arter der dette kan bidra til bevaring av en truet art. Solheim tar ikke med at artikkel 11 også krever at partene først skal bringe på det rene om «en slik gjeninnføring vil være effektiv og tilfredsstillende». Dette forsømte Miljøverndepartementet å gjøre før Stoltenberg-regjeringen lanserte sitt ulveprosjekt som Stortinget forkastet i 2001. Om denne og andre uoverensstemmelser med Bernkonvensjonen i de øvrige parters øyne fritar oss fra å betrakte ulven som strengt fredet, blir nå enda mer et akademisk spørsmål siden forslag er reist om å flytte ulv fra den strengt fredede til den jaktbare listen i Bernkonvensjonen. Ut fra ulvebestandens fremgang i vår og andre deler av Europa, er det vel naturlig at Stortinget under behandlingen av rovviltmeldingen forsikrer seg om at Miljøverndepartementet vil støtte dette forslaget.

Erik Lykke

Rettelse

I innlegget «*En løsning, eller varig splittelse av den norske folkesjela?*» av Olav Momrak Haugann, Kongsvinger, i Nationen 24. mars, har det sneket seg inn en feil. I innlegget, som handler om de to målformene, står det :«Jeg vet ikke hvordan saka kan løses…». Det riktige skal selvsagt være «Jeg vet hvordan saka kan løses, jamfør mine tidligere innlegg..». Nationen beklager.

Flere debattinnlegg finner du på side 30

N KRONIKK

Kva gjekk galt for økolandbruket?

Dersom ein ønskjer å forstå tilbakegangen i omsetjinga av økologisk mjølk må ein rette merksemda vekk frå snevre angrep på Tine sin manglande marknadsføring og heller gå økomiljøet sjølve litt etter i saumane.

I Nationen fredag den 19. mars uttrykkjer kommunikasjons-direktør Bjørg Bruset i Tine ei uro over nedgangen i salet av økologisk mjølk i Noreg. Nedgangen kjem trass i at Statens landbruksforvaltning køyrde ei storstilt kampanje i fjor haust for nettopp å auke omsetjinga av økomjølka på marknaden. Bruset stiller fleire gode spørsmål, og truleg er ho nærare kjerna i problemfeltet enn nokon av dei andre som vart intervjua i det same oppslaget, når ho på peikar at økologisk mjølk er ei vare med tilleggseigenskapar som krev medvitne forbrukarar, som det er vanskeleg å nå med betalt informasjon.

Eg har lyst til å dvele litt med denne uttalinga. Kva er så desse tilleggseigenskapane? Skal ein skjøne det, må ein fyrst av alt innsjå at det økologiske landbruket er ein del av ei større sosial rørsle som strekkjer seg lang utover landbruket og den agronomiske praksisen. Sjølve rørsla er tufta på ein open og heilskapleg orientert samfunns-kritikk som femnar om heile verdikjeda. Kritikken inneheld sentrale prinsipp knytt opp mot resirkulering og nærleik. Det kan synast som det økologiske landbruks-miljøet, med Oikos og LD i spissen, har ofra kjerne-prinsippa åt den sosiale rørsla i sin attrå etter 10 prosent-målet.

Framveksten av økologisk landbruk

Lat oss gå litt attende i tid, til då det norske økologiske landbruket kjempa om å verte akseptert og få lov å vere ein del av det gode selskap. På mange måtar var dette stordomstida åt den økologiske sosiale rørsla som den norske økologiske bonden var ein del av. Den norske økodiskursen eksisterte midt i ein internasjonal miljø- og globaliseringskamp. Den økologiske bonden var med sine prinsipp om resirkulering og nærleik sjølve personifiseringa av ein motkultur som hadde greidd å etablere eit truverdig tilsvar på miljøtugsmålet, industrialiseringa og globaliseringsspøkjelset. Jamt kunne ein lese, høyre og sjå debattar og meiningsbrytingar om landbruk, miljø og globalisering i media. Likevel viste alle at det monna lite for miljøet og dei lokale landbruksbaserte grendene. Til det var det langt for få økobønder enno. Skulle det vere mon i dette laut ein vekse, og skulle ein vekse laut ein samarbeide.

> **Det ein sit att med er ein notorisk utru trendforbrukar som snur kappa etter vinden og handlar etter kva som til ei kvar tid står på fyrstesida på livsstilsmagasina.**

Samarbeidslina vart innleia på midten av 90-talet, då ein gjennom eit grundig arbeid, som kan sjåast på som eit skuleeksempel på alliansebygging og godt organisatorisk arbeid, greidde å opparbeidde det økologiske landbruket sin legitimitet og tillit hjå både det konvensjonelle landbruket og i høve til foredlingsledda. Økobøndene var ikkje lenger berre ei samling sære idealistar med lilla sjal og snåle meiningar, men seriøst arbeidande bønder med mykje kunnskap om god agronomi.

Etter kvart som samarbeidet utvikla seg synte økobøndene at dei også hadde evne til å setje seg inn i tidlegare «fiendar» sin kvardag, enkelte hadde òg lært seg nytala åt marknads-avdelingane i Tine og Gilde. Ein eigenskap som var avgjerande for at samarbeidet skulle lukkast. Økobøndene aksepterte raskt homogenisering av konsummjølka og gjekk i dialog om klynge-lokalisering av produksjonen. Som påskjøning fekk dei relansering av økomjølka med påfyljande marknadsføring og velsigning for eige økomeieri i det tidlegare nedleggings-truga anlegget på Røros.

Lysande framtid

I mellomtida løyvde Landbruksdepartementet pengar. Dei utforma handlingsplanar og målsetjingar om at ti prosent av landbruksarealet skal vere økologisk drive innan 2010. Økolandbruket vart flagga som ein framtidsstrategi for mange bønder, ein strategi som vart underbygd av gunstige omstillingsvilkår og jamlege marknadsundersøkingar som synte at forbrukarane var interesserte i å kjøpe økologiske vare.

NEDGANG: Det økologiske landbruket har opparbeidd seg politisk tyngde, men har mista forbrukarane på vegen. Kva gjekk galt? FOTO: ARKIVFOTO

Og bøndene heiv seg på, noko måtte dei likevel gjere, for utsiktene var då slett ikkje like gode for vanleg konvensjonell drift. Landbruks-ministeren leverte festtaler og åt økologisk ost til vektnåla synte rett vakre popularitets-tal. Det var komfortabelt å vere landbruksminister no, etter at han var vorten høvding over eit lydig norsk landbruk.

Kva vart borte?

Det økologiske landbruket hadde opparbeida seg politisk tyngde, dei hadde synt at dei var seriøse aktørar og at dei aksepterte landbruksdepartementet sine nyliberalistiske modellar om «den modne marknaden». Det vart rydda plass til dei ved bordet og det lilla sjalet var det ikkje trong om no lenger når ein endeleg var komen inn i varmen. Men spørsmålet er: Kva har ein mista på vegen? Svaret er for så vidt enkelt; ein har mista dei økologiske forbrukarane. Ein mista dei forbrukarane som var ein del av den sosiale rørsla som det økologiske landbruket er tufta på.

Det ein sit att med er ein notorisk utru trendforbrukar som snur kappa etter vinden og handlar etter kva som til ei kvar tid står på fyrstesida på livsstilsmagasina. Det norske dilemmaet er at me har for lite av det dei danske økologane kallar «positive matskandalar». Rett nok hadde me eit lite blaff då me kjende teven av brennande dyrelik på fine dagar med ein svak sydvest trekk, men slikt er gløymt no me skriv då trass alt 2004.

Heller småskala

Kvifor mista ein den økologiske kjerneforbrukaren, og kvar gjekk ho? Her kan me òg svare enkelt; Me mista henne fordi øko-produkta i seg sjølv ikkje lenger utgjer eit alternativ til ei ikkje ønska utvikling, det alternativet finn ho i dag i småskalaprodukt som tydlegare har hegna om det som for den norske økoforbrukaren er det viktigaste prinsippet, nemleg prinsippet om nærleik.

Eit økolandbruk retta mot bulkmarknaden må nok lære seg å leve med skiftande omsetjingstal i lang tid framover. Oikos på sin side må sørgje for å hente inn att nærleiksprinsippet og synleggjere at prinsippet framleis er levande innanfor det økologiske landbruket. Det er på tide å sleppe til kritikarane, økolandbruksmiljøet er solide nok no til å tole intern kritikk og til å våge å kritisere den ikkje ønskja utviklinga som ein ser kring om i dei agrare grendene – la forbrukarane få vite at dokke står for noko anna. Og til landbruks-ministeren og alle dei andre som starvar etter ti prosent målet vil eg seia; les «Dei vil alltid klaga og kyta» av Ivar Aasen.

BJØRN EGIL FLØ
forskar ved Norsk senter for Bygdeforskning